



VESTNES KOMMUNE

# VELKOMMEN TIL TOMREFJORD BARNEHAGE



«KVART AUGNEBLINK TEL»

Telefon: 71 18 25 50

E-mail: [tomrefjord.barnehage@vestnes.kommune.no](mailto:tomrefjord.barnehage@vestnes.kommune.no)

# INNHALD

VELKOMMEN TIL OSS.....	2
LITT OM BARNEHAGEN VÅR.....	2
DEN FØRSTE TIDA I BARNEHAGEN.....	2
DAGSRYTMA.....	3
MÅLTID I BARNEHAGEN.....	4
KVA TRENG BARNET I BARNEHAGEN.....	4
VISJON.....	5
PEDAGOGISK GRUNNSYN.....	5
EIGNE LEIKER.....	8
SJUKDOM.....	8
MEDISINERING OG ANSVAR.....	9
TUR-/UTEDAG.....	9
IDRETTSHALLEN.....	9
RUTINER FOR OVERGANG BARNEHAGE - SKULE.....	9
SAMARBEID .....	9
BARNEHAGEN SINE FORVENTNINGAR TIL FORELDRA.....	10
VIKTIGE OPPLYSNINGAR.....	11

## **VELKOMMEN TIL OSS**

Det er sikkert mange ting dykk lurer på når barnet ditt skal begynne i barnehagen. Dette er eit informasjonshefte som vi håper vil hjelpe dykk med nokon av dine spørsmål.

I tillegg til hefte vil dykk få utdelt årsplan som vi utarbeidar kvart år.

Årsplan inneheld opplysningar om innhaldet for det pedagogiske arbeidet.

- Årsplan del 1, vil være gjeldande for det enkelte barnehageåret, det vil dykk få opplysningar om satsingsområde for gjeldande barnehageår.
- Årsplan del 2 vil være ein felles langtidsplan for barnehagane i kommunen. Det er den generelle delen som ikkje forandrar seg kvart år, men som vi evaluerar og endrar etter ein fire-årsperiode.

I tillegg vil avdelingane gi ut vekeplan, Marihønenytt/Blåkløkkenytt og anna nødvendig informasjon.

Vi er også opptatt av at den daglege informasjonen blir ivaretatt, dersom det er noko som du har på hjarte så vær ikkje redd for å sei frå. Ta ein telefon dersom det ikkje er rom for informasjon når du leverar eller hentar barnet ditt.

## **LITT OM BARNEHAGEN VÅR**

Tomrefjord barnehage er ein kommunal barnehage som opna i 1980, nyrenovert i Juni 2012.

Barnehagen har flott naturtomt og ligg på Lid i Tomrefjord. Vi er heldig som har eigen skog innafor gjerde med ein gapahuk og grue som vi brukar, i tillegg til gåavstand til skog og fjøre.

Tomrefjord barnehage har 48 plassar for barn i alderen 1-6 år. Blåkløkkja er ei avdeling for dei yngste og har 12 plassar for barn under 3 år. Marihøna er ei avdeling for dei eldste med 24 plassar for barn over 3 år.

Opningstida er frå kl 06.45 - 16.30.

## **DEN FØRSTE TIDA I BARNEHAGEN**

Det å begynne i barnehage kan være ein stor overgang for mange barn. Vi i Tomrefjord barnehage ønskjer å gjere overgangen så god som mogleg. Vi inviterer til ein oppstartsamtale ein av dei fyste dagane i barnehagen.

Det kan ta tid for eit nytt barn å bli godt kjent i barnehagen, og det er veldig individuelt kor lang tid det tek. For nokon kan det gå veldig fort, medan andre kan bruke lang tid.

Dei 2 - 3 første dagane bør foreldra være tilstade. Det er viktig at dei første dagane i barnehagen er korte. Det er mange nye inntrykk for eit barn, og derfor ønskjer vi at tilvenninga til barnehagen skjer gradvis. Den første tida er av stor

betyding for det vidare opphaldet. Ei lang og roleg tilvenning saman med ein av foreldra eller ein annan barnet kjenner godt er viktig.

Betingelsane for dei første dagane er:

- Barnet skal ha korte dagar den første tida
- Barnet skal føle seg trygg når du går
- Det skal være lett å få tak i deg når du ikkje er i barnehagen
- Dykk skal være trygge på at vi ringer dersom vi ser at barnet strevar

Det er viktig at dykk som foreldre viser ein open og positiv haldning, samt oppmuntrar barnet til å delta og ta kontakt. Dette fører til at barnet raskare blir trygt og godt kjend med barn og vaksne i barnehagen.

Når barnet byrjar å føle seg trygg, kan du trekke deg litt meir ut av avdelinga.

Dette avtalar du med barnet sin kontaktperson undervegs.

Informert barnet: at du går, og at du kjem tilbake.

Hugs å informere personalet når du går, slik at vi kan halde eit ekstra auge med barnet og hjelpe han/henne å finne seg til rette.

Målet med oppstart perioda er:

- Barnet skal bli kjent med og trygg i barnehagen
- Foreldre skal bli kjent med personalet i barnehagen.
- Personalet skal bli kjent med barn og foreldre

## HUGS !

Erfaring viser at det er til beste for barnet at dei i den første tida ikkje har for lange dagar og blir for slitne. Det er betre å gå medan barnet har det artig i barnehagen så han/ho kan glede seg til neste dag.

## DAGSRYTMA

Ei fast dagsrytme gjer at dagen blir oversiktleg og forutsigbar. Dette skaper tryggleik for barnet. Aktivitetar startar kl 09.30, ring om de kjem seinare.

BLÅKLOKKA		MARIHØNA	
Kl. 06.45	Barnehagen opnar Frileik	Kl. 06.45	Barnehagen opnar Frileik
Kl. 08.30	Frukost Tannpuss	Kl. 08.30	Frukost Tannpuss
Kl.09.30	Aktivitetar/gruppedeling leik inne og ute	Kl. 09.30	Aktivitet/ gruppedeling/ leik inne og ute
Kl. 11.30	Lunsj	Kl. 11.30	Samlingsstund

	Kviling / soving Inne/ uteleik	Kl. 12.00	Lunsj Inne / uteleik
Kl. 14.30	Fruktmåltid Leik / aktivitet ute / inne	Kl. 14.30	Fruktmåltid Leik / aktivitet ute / inne
Kl. 16.30	Barnehagen stenger	Kl. 16.30	Barnehagen stenger
<p>Soving: Det vert lagt til rette for at dei som skal sove, får sove når dei har behov for dette.</p> <p>Dette vert avtalt i dialog med heimen.</p>			

## MÅLTID I BARNEHAGEN

Vi serverar alle måltid i barnehagen. Det vert servert brød/knekkebrød til alle måltid samt varmmat ein gong i veka. Det vert servert frukt og grønnskaer kvar dag, samt yoghurt av og til. Vi er oppteken av å kunne tilby barna eit sunt og variert kosthald.

## KVA TRENG BARNET I BARNEHAGEN

- Innesko
- Ekstra skift frå topp til tå som skal ligge i kurva til barnet i garderoben ( obs på våte periodar )
- Varme kle ( ull, fleece )
- Gode kle og sko/støvlar som barnet kan ha på seg ved uteleik
- Parkdress, regnkle og støvlar skal ALLTID være i barnehagen
- Drikkeflaske
- Bleiar/våtserviettar til dei som brukar det
- Vogn, sovepose/teppe, myggnetting, vognsele for dei som søv
- Solkrem, solbriller og solhatt

Merking av kle, sko/støvlar og alt anna utstyr er nødvendig. Det gjer det lettare for både foreldre, personalet og barnet sjølv å halde orden på eigne ting. Ta ikkje med kle og utstyr som dykk er redd for skal bli øydelagt. Det finnes merkelappar dykk kan bestille. Bestillingsskjema finnes i barnehagen eller på internett. Det går også fint å bruke merkepenn.

For at barna skal ha det kjekt å oppleve glede over å få være ute, må dei halde seg tørr og varm. Det er derfor særst viktig at dei har hensiktsmessige klede til ein kvar tid.

Vi ser helst at de ikkje brukar kle med fast hette og snor i barnehagen pga kvelningsfare og sikkerhetsmessige årsakar.

## **VISJON**

"Kvart augneblink tel". Alle møte mellom menneske i kvardagen tel. Det gjeld møter mellom barn, møte mellom barn og vaksne og møtet vaksne imellom. Alle dei møta er med på å skape oss som menneske.

## **PEDAGOGISK GRUNNSYN**

Menneskesyn - vi ønsker å formidle ei anerkjennande haldning overfor barn og vaksne. Det vil sei at vi har eit menneskesyn der vi ser på alle som like mykje verd og at alle har krav på å verte respektert.

Barnesyn - barn er aktive medskaparar i eige liv. Dei er kompetente menneske som har rett til å medvirke til korleis deira kvardag i barnehagen skal vere.

Samtidig treng dei tydelege vaksne som bidreg med å setje grenser, samtidig som at dei får fridom til å utforske sjølv.

## **Gjennomgåande innhald**

### **Læring**

Vi har eit heilhetssyn på læring. Barn lærer gjennom opplevingar, erfaringar og inntrykk dei får i kvardagen. Dei lærer også noko i møte med andre barn og vaksne både om seg sjølv og av andre. Kvardagslivet og her-og-no situasjonar i barnehagen blir ein viktig arena for læring og utvikling.

Barnas interesser og spørsmål bør danne grunnlaget for læringsprosessar og tema. Ein del av det som er barns måte å medvirke på er at vi tek tak i det barna undrar seg over og vidarefører det i barnehagekvardagen. Læring og tema har vi og i meir formelle læringssituasjonar. Vi nyttar samlingsstunder, gruppedeling, turar, formingsaktivitetar og liknande. Barnehagen skal kome barna i møte i deira trang til å kunne og vite.

### **Mål:**

- Dei vaksne skal kunne gje barna kunnskap, ferdigheiter og haldningar på mange felt.
- Personalet må ha eit aktivt forhold til barns læringsprosessar.
- Når barn undrar seg over noko må dei møtast på ein utfordrande og utforskande måte.

### **Leik**

Å støtte opp om barnas leik er noko av det viktigaste målet frå rammeplanen. For barn er leiken eit av deira innlevings- og uttrykksform. Gjennom gode vilkår for leik får barna oppleve glede ved å leike seg, enten saman med andre eller åleine. I leiken får barna stimulert fleire sider ved utviklinga, både fysisk,

sosialt, emosjonelt, intellektuelt og språkleg. Leiken er barna sin måte å reflektere over det dei opplever i kvardagen på.

Leiken er soleis eit pedagogisk virkemiddel for å fremje barn si utvikling. For barna er det å få delta i leik og å få vener grunnlaget for trivsel og meiningsskaping i barnehagen. Å leike er eit mål i seg sjølv, barn leiker fordi det er moro.

Mål:

- Gje god og uforstyrta tid til leik.
- Gje barna opplevingar og erfaringar frå natur, kultur og liknande som kan skape inspirasjon og fantasi for å vidareutvikle leiken.
- Ta del i leiken og vere eit førebilete der det er naturleg.

### Omsorg / kvardagssituasjonar

Kvardagssituasjonane i barnehagen er innhaldet som går igjen kvar dag. Barna får mykje omsorg i barnehagen og den er i stor grad knytt til kvardagssituasjonar. Omsorg har verdi i seg sjølv og skal kome til uttrykk når barna leikar og lærer, i stell og i påkledning. Desse aktivitetane gjer og barna høve til å vise omsorg for kvarandre. Barna må få oppleve at dei andre i barnehagen bryr seg om dei, og at dei er opptekne av kvarandre.

Vi viser og omsorg ved å gje barna varierte utfordringar og meningsfylte aktivitetar.

Mål i påkledning:

- Barna skal øve på å bli mest muleg sjølvstendig.
- Barna skal lære omgrep knytt til kropp og kle, og øve på å vurdere passande påkledning.
- Dei vaksne skal legge til rette for mestring og oppmuntre og motivere barn til å prøve sjølv.

Mål i stell og hygiene:

- Barna skal lære reinslighet, omgrep om kropp, klede og kroppsfunksjonar.
- Barna skal verte vand med å vaske hendene før måltid og etter toalettbesøk.

Mål i måltidssituasjon

- Barna skal lære bordskikk og få gode matvanar.
- Barnehagen skal bidra til at barna utviklar eit sunt kosthald.

## **Danning gjennom omsorg, leik og læring**

I rammeplan for barnehagen har danning kommet inn som eit sentralt omgrep. Tidligere har omgrepet oppseding vore nytta, men det er no erstatta med danning. Danning kan vi sjå på som ein livslang prosess der vi lærer av erfaringar og opplevingar vi gjer oss.

Danning vil skje gjennom alt innhald i barnehagen. I barnehagen får barna gjere eigne erfaringar i samspel med andre barn og av å vere ein del av fellesskapet. Barn skal tileigne seg kunnskap til å omgås og vise omsyn til andre barn og av å vere ein del av fellesskapet. Barn skal tileigne seg kunnskap til å vise omsyn til andre, dei skal kunne seie i frå om noko opplevast som negativt. På den måten skal alle verte sett og høyrd. Gjennom danning leggas grunnlaget for barnets allsidige utvikling (Rammeplan 2006).

## **Barns medvirkning**

Barn har rett til å uttrykke seg og få innflytelse på alle sider ved sitt liv i barnehagen. Å ta barna si medvirkning på alvor forutsett at det er god kommunikasjon mellom barn og personalet, og mellom personalet og heimen.

Mål:

- Barnehagen må organiseres slik at det vert tid og rom for barns medvirkning.
- Barna skal aktivt få ta del i planlegging av barnehagekvardagen ved at vi lyttar til dei og tek deira uttrykk på alvor.

## **Sosial kompetanse**

Sosial kompetanse handlar om å kunne samhandle positivt med andre i ulike situasjonar. Forutsetninga for at småbarn skal kunne utvikle sosial kompetanse ligg i måten barnehagen ivaretek sosialt samspel, leik og kvardagsaktivitetar på. Sosial kompetanse er heile tida i utvikling gjennom samspel og opplevingar. Kompetansen vert spegla i den evna barn har til å ta initiativ til og halde på venskap. Barna skal lære å leve seg inn i andre sin situasjon og vise medkjensle. Vi legg vekt på at barna skal utvikle ein god balanse mellom sjølvhevding og sjølvkontroll. Å forhalde seg til kvarandre er kanskje noko av det mest vesentlege barna lærer i barndommen.

Mål:

- Dei vaksne må legge til rette for samspel og leik, og at alle skal få venner i barnehagen.



## Barnehagen som kulturarena

Barnehagen skal vere med på å formidle kultur og tradisjonar til barna. Det er og mykje av kulturen vår som vert overført frå eldre til yngre barn. Leik er ei viktig side av barnekulturen

Mål:

- Barna må få høve til å uttrykkje seg på ulike måtar gjennom estetiske fag.
- Vi i barnehagen skal leggje til rette for kulturelle møter.
- Vi skal formidle tradisjonar.

## Språkleg kompetanse

Småbarnsperioden er den grunnleggande perioden for utvikling av språk. Alle må få eit rikt og variert språkmiljø i barnehagen tilpassa deira forutsetningar.

Mål:

- Barnehagen må sørge for at alle barn får varierte og positive erfaringar ved å bruke språket sitt.
- Dei vaksne skal vere gode språkførebileter.
- Dei vaksne skal observere barna si språkutvikling og henvise vidare dersom barna treng meir støtte til å utvikle språket enn det barnehagen kan gje.

## **EIGNE LEIKER**

Det er lov å ta med CD og bok, samt kosedyr ( småbarn ) barna er knytt til, men ta ikkje med leiker heimafrå.

## **SJUKDOM**

Sjuke barn skal naturleg nok ikkje være i barnehagen. Barn som er i barnehagen skal være friske nok til å være ute og delta i barnehagens aktivitetar. Det er barnet sin allmenntilstand som avgjer om barnet kan gå i barnehagen eller bør være heime. Aktivitetsnivået i barnehagen er høgt.

Ved oppkast eller diare føl vi 48 timers regelen. Altså så skal barnet haldas heime 48 timar etter siste oppkast eller diare.

Ved feber bør barnet ha ein feberfri dag heime før dei kjem i barnehagen igjen. Dersom barnet får ein ekstra dag heime, er sjansen for tilbakefall mindre, og faren for å smitte andre barn og personalet blir redusert.

Gi beskjed til avdelinga innan kl 09.30 dersom barnet er sjuk.

Dersom barnet blir sjuk i barnehagen, vil personalet ringe til foreldra, og barnet må hentas snarast.

## **MEDISINERING OG ANSVAR**

Foreldra har ansvar for medisinerings av sine barn. Dersom legemiddel må takast i den tida barnet er i barnehagen, skal det inngåas ein skriftleg avtale på fastsett skjema mellom foreldre og barnehagen om korleis dette skal gjerast. Personalet skal ikkje på eigen hand foreta medisinerings med handkjøpspreparat som for eksempel smertestillande eller febernedsettande.

Medisinen skal leverast personalet i barnehagen for oppbevaring i låst skap og ikkje bli liggande i barna sin sekk eller på plassen til barna.

## **TUR / UTEDAG**

Avdelingane har faste turdagane. Kor lang turane er vil variere etter alder og modning. Målet er at dei skal få gode opplevingar og erfaringar med dei ulike årstidene, samt motoriske utfordringar, oppleve mestring og bruke kreativiteten sin.

## **IDRETTSHALLEN**

Ein gong i veka er vi i idrettsbygget der vi får utfalde oss fysisk med ulike aktivitetar. Småbarnsavdelinga må vurdere frå år til år om det er gjennomførbart etter barnegruppa.

## **RUTINER FOR OVERGANG BARNEHAGE - SKULE**

Vi har eit tett samarbeid med Tomrefjord skule og Gardstunet barnehage. Ein eigen lokal plan legg føringar for korleis overgangen mellom barnehage og skule skal gjennomførast. Den inneheld blant anna fleire skulebesøk, besøk i Gardstunet barnehage og at både 1.klasse og Gardstunet barnehage kjem på besøk til oss.

I tillegg har vi førskulegruppe. Det er ein klubb for dei som går siste året i barnehagen. Her forbereder vi oss til skulestart gjennom skuleførebuande aktivitetar.

## **SAMARBEID**

Barnehagen skal gi barn under opplæringspliktig alder gode utviklings- og aktivitetsmoglegheiter i nær forståing og samarbeid med barna sin heim ( barnehagelova § 1 )
------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

Foreldra er våre viktigaste samarbeidspartnarar. Vi ønskjer eit nært og opent samarbeid med foreldra slik at vi sikrar at barna blir best mogleg tatt vare på. Det skal være lav terskel for å ta kontakt og vi ønskjer at de skal få best mogleg informasjon om barnet ditt. Vi vektlegg å være opne og synes det er

viktig med gjensidig informasjon. Henvendingar som gjeld enkeltbarn gjer vi alltid i samarbeid med foreldra til dei barna det gjeld.

### **Foreldresamtalar**

Alle får ein skriftlig invitasjon til foreldresamtaler 2 gongar i året - haust og vår. Ved ønske eller behov kan det avtalast fleire. Det er i hovudsak pedagogisk leiar som gjennomfører samtalen.

### **Foreldremøter**

De får invitasjon til foreldremøte/foreldrerådsmøte ein til to gongar pr. år. Vi held det første foreldremøte i august/september. Der har vi og eit eige foreldremøte for dei barna som skal begynne på skulen neste haust. På våren held vi et eige foreldremøte for foreldre som har barn som skal starte i barnehagen til hausten.

### **Samarbeidsutvalet**

Samarbeidsutvalet er eit samarbeidsorgan for foreldre, personale og barnehagens eigar, som er Vestnes kommune.

Samarbeidsutvalet behandlar saker som vedrører barnehagens alminnelige drift. Samarbeidsutvalet skal og fastsette ein årsplan for barnehagen og ta opp saker som er viktig for barnehagen, foreldre og barn.

### **Foreldrerådet**

Foreldrerådet er alle foreldra i barnehagen.

### **Vi samarbeidar også med andre samarbeidspartnarar:**

- Skule og helsestasjon
- Pedagogisk Psykologisk Teneste ( PPT )
- Barnevernet
- Barne- og ungdomsteamet i Vestnes ( BUT )

### **BARNEHAGEN SINE FORVENTNINGAR TIL FORELDRE**

Vi forventar at foreldra:

- Tek initiativ til kontakt med personalet og at de tek opp ting de opplever som vanskeleg eller negativt slik at vi kan finne ei løysing i fellesskap
- Tek imot, les og føl opp den informasjon som blir gitt i form av vekeplanar, ulike skriv, mail etc. Spør om de lurar på noko.
- Gir beskjed til barnehagen om fråvær innan kl 09.30
- Merkar kle, sko og andre eigendelar

- Sjekkar over garderobehyllene kvar dag. Ta med skriv, ting barna har laga og skitne kle heim. Etterfyller med reine kle, det skal alltid være minst 2 klesskift i barnehagen. Ta ikkje med kle og sko som ikkje skal brukast i barnehagen.
- Viser engasjement i høve barnehagen sitt innhald. Kom gjerne med idear og innspel.
- Deltak på arrangement så langt det er råd. Dette for at barna ikkje skal gå glipp av fellesopplevingar som vert snakka om i barnehagen før og etter arrangement.
- Viser respekt for barnehagen sine reglar ved sjukdom av omsyn til eigne og andre sine barn
- Viser respekt for at eigne leiker ikkje er tillat i barnehagen. Dette kan være kjelde til at konflikhtar oppstår.

## **VIKTIGE OPPLYSNINGAR**

### **Levering/henting**

Hovudmålet er at barn og vaksne skal føle seg velkommen i barnehagen.

Sei "Hei" når du kjem og "Ha det" når du går.

Når vi er ute om ettermiddagen, er det spesielt viktig at det blir registrert når barna går. Vi ønskjer at de oppfordrar barnet dykkar til å rydde litt før det reiser frå barnehagen.

Vi ønskjer at barna blir levert i barnehage innan kl 09.30 pga felles aktivitetar, men om dette ikkje alltid passar ønskjer vi at du gir beskjed på avdelinga di.

Dersom andre enn foreldre/føresette skal hente barnet, må dette avtalas med avdelinga.

### **Opphaldstid**

Barna kan ikkje opphalde seg i barnehagen meir enn 9 timar pr dag sjølv om barnehagen har lengre opningstid. Du kan altså ikkje levere barnet kl 06.45 og hente det kl 16.30.

### **Porten**

**Lukk alltid porten.** Barn kan lett smette ut. Parkeringsplassen er uoversiktleg om morgon og ettermiddagen når mange leverer og hentar samtidig. Rygg alltid bilen på plass når du kjem for å unngå farlege situasjonar ved rygging. Stopp alltid motoren på bilen når du hentar eller bringer, ikkje la den stå på tomgang. Barna skal alltid gå i følgje med foreldre ut av porten og ikkje gå i førvegen for å vente ved eller i bilen.

## **Mobiltelefon**

Så langt som råd, vær vennleg å ikkje bruk mobiltelefonen når du er på barnehagen sitt område. Det er viktig at du er tilstade for barnet når du leverar og hentar i barnehagen. Vis interesse for det som barnet har opplevd i løpet av barnehagedagen.

## **Telefonnummer til foreldre**

Foreldre må passe på at barnehagen har oppdatert telefonnummer på arbeid, heim og mobil. Vi må også ha telefonnummer til ein kontaktperson dersom vi ikkje når foreldra eller dersom foreldra er vekke.

## **Røyking**

Barnehagen er eit røykfritt område.

## **Beredskapsplanar**

Barnehagen har eit førebyggjande tiltak som skal ivareta tryggleiken ute og inne, og ein beredskapsplan om det skulle oppstå ein skade eller ei ulykke. Dersom eit barn skadar seg, ringer vi foreldre samtidig som vi kontaktar lege.

## **Kjøp av dagar**

Dersom du ikkje har full plass til barnet ditt er det mogleg å kjøpe timar i barnehagen. Ein time kostar kr 40,-

For at dette skal være mogleg må det enten være ledig plass på avdelinga som barnet går på i barnehagen eller det må være fråvær frå eit anna barn.

Derfor er det viktig at **alle ringer barnehagen og gir beskjed dersom barnet ikkje kjem, så snart du veit om fråværet eller seinast kl 09.30 same dag.**

## **Bot**

Om barnet vert henta for seint, dvs etter stengt tid får dykk ei bot på kr 200,-. Berekn tid til påkledning, personalet skal kunne låse døra kl 16.30.

## **Sommarstengt**

Barnehagen held stengt 4 veker om sommaren.

## **Feriar ellers**

I jul- og påskeferie har barnehagen eit samarbeid med Gardstunet barnehage der dei byttar på å ha ope annakvart år. Det vert då tilbod for barna i begge barnehagane i ein av barnehagane. Barna vil då få med seg kjent personal frå eigen barnehage dersom dei skal nytte tilbod i den andre barnehagen. Det vert

sendt ut eit skjema der foreldre/føresette kryssar av om barna skal være i barnehagen eller ikkje i det aktuelle tidsrommet.

Det er og fint om dykk kan gje beskjed dersom barna tek fri i haust- og vinterferien.

### **Planleggingsdagar**

Barnehagen har fem planleggingsdagar gjennom året. Desse er datofesta og vert opplyst om i årsplana til Tomrefjord barnehage. Barnehagen er stengt desse dagane.

### **Høgtider**

Vi markerar dei kristne høgtidene jul og påske. Det er lagt opp til barnehagegudstjeneste i kyrkja før jul. De kan om de vil reservere dykk og barnehagen kan lage alternativ opplegg i barnehagen. Vi kan og markere andre religionar si høgtid etter barn og føresette sine ønskjer.

### **Fødselsdagar**

Alle barn får markere fødselsdagen sin i barnehagen. Då heng vi ut flagg og pyntar på avdelinga. Barna får velje mat frå bursdagsmeny og vi har bursdagsaktivitetar som barna ønsker.

Det er ikkje lov å dele ut bursdagsinvitasjonar i barnehagen.

**Lykke til som barnehageforeldre 😊**